Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.  Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.  Herad: Voss

Emne: Jule tre og juletradisjon  Bygdelag: Bordalen

Oppskr. av: Olav Rognebakke  Gard: Himle

(adresse): Reppen  G.nr. 202 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja, delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Margretha Rognebakke, 80 år, Voss, bondekone.

SVAR

1. ja.
2. Fyrste juletreet Margretha Rognebakke såg var i 1890-åra i Voss ungdomsforening.
Etter 1900 hadde ein det årvisst på Himle.
3 Sidan 1900 har det vore vanleg at skulane i bygda og dei ymse lag har hatt juletrefester.
4. Før ein hadde juletre, bruka ein vanleg ikkje noko serskild pynt i stova. Ein vaska og strødde golvet med sprakje (einer)
5 No brukar ein mykje kjøpepynt, men stimebar og granbar i ein vase.
5. ja.
6. Dei som har born og som til det, brukar juletre som står rett på golvet - 1,5 - 2 m. høgt. Elles brukar mange eit mindre som står på eit bord.
7. Treet er pynta med kuler, glitter og flagg. Ein har og laga „korger" av kulørt papir til pynt, og lefkjer av same slag. Det er lys på treet. I fyrstninga var det heimestøypte lys. No er det kjøpelys. Sume har og elektriske lys på treet.
8. Dei vaksne hjelper borna å pynta.
9. Sjå 6.

3989

2

10. Jolaftan, og seinare i jola etterson det er mange heime, eller borna har selskap. Nyttårsaftan er det visst og kvelden før treet skal ut.

11. Ein går rundt treet og syng - helst salmar. Stundom syng ein Jedrelandssongar, og stundom likar som:
Så går me rundt om ein einebarbusk,
Eg gjekk meg over sjø og land o. liknande.

12. Treet vert ståande til over nyttår hjå alle. Trettandagen er visst ein vanleg dag å ta ut treet.

13. „Ta ned jolatreet." Borna likar ikkje det arbeidet. Det vert difor oftast dei vaksne som „tek ned" medan borna er ute.

14. No er det omlag berre gran. Men før har det vore mykje furu og sprakje (eine)

15. Ikkje höyrt om her.

16. Nei.

Holm.

1. Nei.

3989
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING